

Frå innbyggjarar og næringsdrivande i
Gamle Romarheim - Urdal skulekrins
v/kontaktperson Helge Eidsheim
Romarheim 86
5994 Vikanes
Telefon: 97678236
Epostadresse: Helge.Eidsheim@gmail.com

Til Statsforvaltaren i Vestland
Statens hus
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

**Initiativ etter § 8 i Inndelingslova av 2001-06-15 nr 70.
Justering av kommunegrensa mellom Alver kommune og Modalen kommune,
alternativt Masfjorden kommune.**

Vi søker om at det skal setjast i gang utgreiing om justering av kommunegrensa mellom Alver kommune og Modalen kommune, slik at gamle Romarheim-Urdal skulekrins (heretter: Indrefjorden) vert liggjande i Modalen kommune.

Vi gjer framlegg om at ny kommunegrense skal gå gjennom eit punkt i (over) Eikefettunnelen. Frå dette punktet kan grensa gå om lag rett austover til Osterfjorden og grensa mot Osterøy kommune. Frå same punktet i Eikefettunnelen kan grensa gå vestover og nord, over Sæterfjellet til møtes med den gamle kommunegrensa mot Masfjorden kommune.

Vedlagt ligg kart med framlegg til ny kommunegrense skissert omtrentleg. Meir nøyaktig meiner vi at ny kommunegrense kan fylgje eigedomsgrensa i fjellet mellom oppsitjarane på begge sider av fjellområdet. Dette kan ein kome attende til i utgreiinga.

Alternativt:

Alternativt ynskjer vi at Indrefjorden vert lagt under Masfjorden kommune, som vi har ei endå lenger felles grenseline mot, i vest og i nord.

Framlegget til ny kommunegrense er likt for begge alternativ. Skilnaden består berre i om Indrefjorden skal leggast til kommunen vest for oss, eller til kommunen aust for oss.

Med begge alternativ får vi kortare veg til kommunesenter, men til Modalen er det kortast. Med begge alternativ får borna kortare skuleveg og kortare veg til gode fritids- og kulturtilbod, til dømes idrettslege tilbod og kulturskule. Til grunnskulen på Matre i Masfjorden er det ras-tryggare skuleveg enn til grunnskulen i Modalen. Matre har synkande barnetal og god plass til våre. Også Modalen har god plass til våre, har vi fått opplyst. Begge alternativ meiner vi er særskilt gode for Indrefjorden, og det kan vere

vanskeleg å avgjere kva som er aller best.

Naturleg arrondering og likearta situasjon:

Indrefjorden ligg no som ein «blindtarm» i Alver kommune, omringa av tre andre kommunar. Den tredje kommunen er Osterøy, sør for oss. Men grensejustering mot Osterøy er uaktuelt på grunn av manglande vegsamband. (Det var annleis før, då Indrefjorden var hovudfartsåre, og deler av Indrefjorden hørde til Hosanger kommune.)

Anten Indrefjorden går over til Modalen eller Masfjorden kommune, vert areala og arronderinga av alle tre involverte kommunar meir naturleg og samanhengande. Altså både for Alver, Modalen og Masfjorden. Småkommunane Modalen og Masfjorden får ved begge alternativ ei lang felles grense, og framtidig samarbeid kan bli enklare. Indrefjorden har likearta natur, kultur, historie, samfunnsutvikling, same fråflyttungsproblematikk og same slags distriktsutfordringar som både Masfjorden og Modalen har. Slik sett står vi lenger unna Alver kommune, som generelt har stor vekst som bynær kommune, spesielt rundt Knarvik og Mongstad. Byvekstavtala og dei sentrale føringane for arealplanlegginga, med fortetting i sentrumsområde, passar ikkje for Indrefjorden.

Bygda vår har lenge opplevd utarming, og vi treng raskt ein annan politisk styrings-strategi om ikkje bygda skal døy heilt ut. Vi treng distriktsutbyggingsstatus, slik som Masfjorden og Modalen kommunar har. Vi treng arealplanar som tillèt og fremjar desentralisert utbygging av både bustadhus, næringsbygg og anlegg. Vi treng distriktpolitiske verkemiddel, som til dømes at det kan gjevast investeringsstøtte. Og vi treng redusert arbeidsgjevaravgift frå 14,1 % til 10,6 %, slik som Masfjorden har. Modalen har den reduserte satsen berre for landbruk og fiske, ser det ut for, men det er jo betre enn kva vi har i dag.

Ytterlegare detaljert grunngjeving

I mange ti-år har bygda vår hatt stor tilbakegang, både i folketal og næringsliv. Dei fleste gardsbrukarane og andre innafor primærnæringane har lagt ned, og tenestetilbod som skule, butikk, helsetenester, bokbuss, bankbil og til og med busstilbod har forsvunne.

Alver kommune har Mongstad å ta i vare på, og held på med storutbygging av Knarvik senter. Som nabokommune til Bergen, er Alver underlagt byvekstavtala og dei sentrale føringane om byvekst. Prioriteringane i kommuneplanen ber preg av det. Framtidig vekst i bustadbygging og næringsutvikling skal skje i senter som Knarvik, Frekhaug, Lindås og Ostereidet. Altså ikkje utbygging i Indrefjorden. Vi måtte betale ein høg pris for byvekst og fortetting, ved at byggeklare tomtar i bygda vår vart tekne ut av kommuneplanen då den vart rullert av Lindås kommune like før kommunesamanslåinga. Bygda sine framlegg om nytt bustadareal og naust med meir vart ikkje teke inn. Vi må betale bompengar når vi skal besøke vårt noverande kommunesenter, men vi får lite/inga nytte av dei i form av utbyggingsprosjekt.

Moment som talar for grensejustering:

- Likskap i natur, kultur og livsvilkår med Masfjorden og Modalen
- Likearte ressursar vi kan utvikle.
- Likearta utfordringar som til dømes fråflytting, nedlegging, forgubbing
- Indrefjorden treng distriktsutbyggings-status for å snu den negative utviklinga

- Kortare veg og ingen bompengar for å nå fram til folkevalde, byråkratar og tenestetilbod. Nærleiksomsyn og klimagevinst med kortare kjøring
- Utjamning av storleksskilnad mellom kommunane i Nordhordland. Alver er meir enn stor nok, men spesielt Modalen har ikkje vondt av å veksa litt?
- Arrondering: Modalen og Masfjorden vil få ei ny og lang felles grense, ei god samla arrondering og eit godt «internt» vegnett. Det kan gjere det lettare å samarbeide for desse to kommunane. Og eventuelt kan dei slå seg i lag dersom det skulle bli aktuelt med meir kommunesamanslåing i framtida?
- Det er lettare å bli høyrt i små og oversiktlege kommunar. I små kommunar er det færre problem på kvar instans, og meir likearta saker. I storkommunen Alver har vi prosentvis lite medverknad, og den ulempa vert ikkje utjamna av at vi har ein slags medverknad i saker som ikkje angår oss i andre enden av storkommunen.
- Tilknyting historisk og praktisk: Dyrkolbotn og Nipo var ein del av Modalen kommune tidlegare. Vi har allereie praktisk samkvem på tvers av kommunegrensene. Til dømes har vi arbeidstakrar som reiser på tvers av kommunegrensene, og fellesskap i organisasjonslivet. Også uformelt, som at vi renn på ski i lag med Matre-ungdomane både sør og nord for kommunegrensa. Fleire i Indrefjorden har fastlege i Modalen, og er med på å oppretthalde «kundegrunnlaget» for denne tenesta. Så vi håpar det snart kjem ny lege i den ledige stillinga i Modalen...

Motførestellingar:

Det største tapet med justering av kommunegrensa, vert truleg tapet av den personlege tilknytinga som einskilde har til tenestetilboden i Alver, og dei personane som dei kjenner derifrå.

Eldre med heimetenester vil gjerne sakne «sine» hjelparar, som dei har blitt kjende med over tid. Og skuleelevar kjem sikkert til å sakne sin gamle skule og skulekameratar. Dyrkolbotn leirskule vil sakne det gode samarbeidet som har vore med oppvekststata, og med vegavdelinga om brøytinga, og fleire andre i Alver. Vi håpar inderleg at skulane i Alver framleis vil oppfatte leirskulen som «sin» leirskule, og halde fram med å reise dit.

Så tap av personleg tilknyting og tap av etablerte rutinar vil gjerne svi ein del i starten. Men over tid vil ein etablere nye tilknytingar, og nye ordningar kjem på plass og kan bli endå betre enn dei gamle. Som vi allereie har erfart, går det jo også fint an å ha kontakt og samarbeide over kommunegrensene. Uansett vert vi framleis ein del av «Region Nordhordland», som har mange felles prosjekt i gang.

Oppsummering:

Sjølv om vi ser nokre ulemper og kostnader med justering av kommunegrensa, så ynskjer vi likevel å få det utgreidd. Vi trur at justeringa vil bidra til å få snudd den negative utviklinga Indrefjorden har hatt i fleire ti-år. Spesielt treng vi ein annan arealpolitikk, og vi treng dei økonomiske verkemidla som gjeld i distriktsutbyggingskommunar.

Justering av kommunegrensa har vore diskutert mellom bygdefolket i fleire år. Den 9.mars inviterte styret for Romarheim og Vikanes Grendalag til eit ope møte der også ordførarane i dei tre kommunane var inviterte, for å drøfte saka. Stort frammøte på bygdamøtet trass i strenge korona-reglar, syner at denne saka vert oppfatta som viktig for bygda og for framtida vår. Referat og avisartikkel vert lagt ved søknaden

På grunn av ferie -, og for å få sendt avgarde denne søknaden utan for langdryg venting, får vi ikkje henta inn underskrift frå alle i bygda som ynskjer grensejustering. Andre vil ha konsekvensane nærmare utgreidde før dei tek stilling. Ei utgreiing kan sjølv sagt også føre til at folk endrar syn.

Konklusjon: Vi bed om at grensejustering vert utgreidd.

Romarheim, 27/6-21

Åse Karin Kvamme
Åse Karin Kvamme
Gbnr 217/5
Narig Romarheim
Gut & kultur
Hordine Romarheim
Gnr 217/67

Pålde Romarheim
217/34

Dyrkolbotn, 28/6-21
~~Gunnvor Dyrkolbotn~~
(Ottos Dyrkolbotn)

Runde Teglegg

Margrete Væsche

Sjur K Dyrkolbotn
Gnr 247/10, 246/15, 7

Anne Høyland
gbnr 217/19

Åsneval Wæsche
247/11

Romarheim, 27/6-21

Erik HaL
217/1 + 37
Erem Romarheim

Helge Eidsheim
217/66

Bjørne Romarheim
ROMARHEIM TRANSPORTE AS

STUSDAL 216/1

Tore Stusdal

Anders Skusdal
Brita Stusdal

Viknes, 29/6-21
Oddoar Urøl
220/1

Tolgeit Andrik
Tina Kvamme
219/2

Anita L. Eidsheim
217-21 217/66

Dyrkolbotn, 27/6-21

Signe Dyrkolbotn
Signhild Dyrkolbotn
Gbnr 247/10

Romarheim, 28/6-21
Haldis K.K. Skar
217/7

Anne Grøi

Malene Skar
Ter Espind Høyland e fullmøkt
Sigrunn Dyrkolbotn 217/4

Kari Iren Romarheim
217/3

217/77

Eirik K Steinseter
Oddur Steinseter
217/16

Gunnar Skusdal
Edith K. Skusdal
217/14

Alver kommune

